



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anne Hjermann, 5557 2275

Vår dato
29.11.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/1997 612
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Oppsummering - REKOMP - Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage. Hordaland. 29. november 2018

Oppsummeringa går til UH, til organisasjonane og til den kommunen som representerte barnehageeigarane i møtet, i tråd med den avtalte samansetninga i det regional samarbeidsforumet for REKOMP.

Fylkesmannen oppmodar mottakarane om å dele denne oppsummeringa i eigen region/organisasjon.

Dette vart konkludert med i møtet:

1. Det skal utarbeidast eit sjablongmessig system for tildeling av midlar til UH-sektoren og til den einskilde barnehageeigar. Dette må tilpassast sektoren og det er særleg omsynet til kor stort personalet i barnehagen er, som vil gjere utslag.

Utdanningsforbundet, representanten for Bergen kommune og for region Ytre Midtjylland, saman med HVL lagar eit forslag. Dette blir sendt ut for innspel/synspunkt i forkant av neste møte den 15. februar 2019.

Målsettinga med denne modellen er: å sikre lik tilgang på kontakt og samhandling med UH-sektoren for alle eigarane i ordninga, uavhengig av kor barnehagen ligg. Sikre likeverdige økonomiske forhold for alle barnehagar, uavhengig av storleik.

Utdanningsforbundet kallar partane inn til møte.

2. Alle regionane skal legge inn konkrete forslag til barnehagar dei ønskjer å prioritere inn i ordninga i det «skjema» som følgde med dokumentet Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage – Hordaland (blir endra til Vestland).

Fristen for å melde inn er sett til 31. januar 2019. Prioriteringa skal sendast til Fylkesmannen i Vestland, postmottak. Den rette adressa vil de finne på våre nettsider – den er ikkje heilt klar i skrivande stund.

3. 30 % av kompetansemidlane

Samarbeidsgruppa var samde om at 30 % av kompetansemidlane skal nyttast til andre kompetansetiltak enn den barnehagebaserte ordninga.

Fram til møtet den 15. februar 2018 må representantane ta med innspel til korleis midlane skal nyttast. Sjå elles kap 1 i dokumentet Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage – REKOMP (s. 2) for døme på korleis midlane kan nyttast.

4. Neste møte er avtalt til den 15. februar. Vi tar sikte på å bruke møterom i Statens Hus Bergen, men kjem tilbake med meir konkret informasjon.

Berre for ordens skuld – midlane skal gå til den einskilde eigar og til UH. Utviklingsarbeidet skal vere barnehagebasert og ta den einskilde eigar sine problemstillingar som utgangspunkt. Dette er *ikke* til hinder for at eigarane og UH kan einast om at element i utviklingsopplegga kan knyte dei aktuelle eigarane saman, der det er nyttig.

For kvart år vil nye eigarar «rullast inn» i ordninga, men det er ikkje til hinder for at dei nyttar dei tildelte midlane over ein periode som går ut over eit år. Det er det den einskilde eigar og UH som blir samde om.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.